



Arkivnr: 2015/1799-11

Saksbehandlar: Irene Velure

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		19.04.2017
Utval for miljø og samferdsel		20.04.2017

**Innbyggjarinitiativ - Strakstiltak for utbetring av krysset mellom Fv 562 og Fv 220 på Askøy****Samandrag**

Hordaland fylkeskommune fekk oversendt saka frå innbyggjarane via Davanger og Breivik nærmiljøgruppe, den 31. juli 2016. Innbyggjarinitiativet er særleg oppteke av at krysset er trafikkfarleg. Det er 80-sone og høg fart på rett strekning. Siktilhøva kunne vore betre, noko som inneber at trafikken som kjem frå Fv 220 kan komme noko brått på trafikantane.

I samband med handsaming av innbyggjarinitiativsaka som gjeld utbetring av krysset mellom Fv 562 og Fv 220 på Askøy vedtok fylkestinget 14.12.2016, PS 109/2016 at utval for miljø og samferdsel (MISA) får ei sak om moglege strakstiltak, kva nytte dei kan gje, kostnad, finansiering og framdrift.

Med grunnlag i vedtaket frå fylkestinget av 14.12.2016 har Statens vegvesen utarbeida eit notat om moglege strakstiltak i krysset mellom Fv 562 og Fv 220 på Askøy, kva nytte dei kan gje, kostnad og finansiering og framdrift. Notatet er vedlagt saksframlegget.

Fylkesrådmannen rår til at det i regi av Statens vegvesen vert sett i gang strakstiltak nr. b) Vegetasjon og nr. c) Rumlefeldt i 2017/2018, som vil bidra til redusert risiko for alvorlege trafikkulukker. Dei noko meir omfattande strakstiltaka vil leggest til grunn for dei samla vurderingane av fylkeskommunale investeringar på fylkesvegnettet i Investeringsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029.

**Forslag til innstilling**

1. Utval for miljø og samferdsel ber om at ein går i gang med strakstiltaka nr. b) Vegetasjon og nr. c) Rumlefeldt i 2017/2018
2. Fylkesrådmannen vil koma attende til eventuell prioritering og finansiering av dei andre strakstiltaka som er noko meir omfattande, i samband med handsaming av Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan 2018-2029

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Notat\_Strakstiltak i kryss Fv. 220 Fv. 562

## Fylkesrådmannen, 21.03.2017

### 1. Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune fekk oversendt saka frå innbyggjarane via Davanger og Breivik nærmiljøgruppe, den 31. juli 2016. Innbyggjarinitiativet er særleg oppteke av at krysset er trafikkfarleg. Det er 80-sone og høg fart på rett strekning. Siktilhøva kunne vore betre, noko som inneber at trafikken som kjem frå Fv 220 kan komme noko brått på trafikantane.

I samband med handsaming av innbyggjarinitiativsaka som gjeld utbetring av krysset mellom Fv 562 og Fv 220 på Askøy vedtok fylkestinget 14.12.2016, PS 109/2016, og gjorde slikt vedtak:

1. Fylkestinget ser at det er utfordringar for trafikktryggleiken i dette krysset, og at det gjev grunnlag for opplevd utryggleik.
2. Utbetring av dette krysset kan vera aktuelt som eit prosjekt i ein eventuell Askøypakke 2, eller i eit framtidig Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen.
3. Fylkestinget ber om at utval for miljø og samferdsel (MISA) får ei sak om moglege strakstiltak, kva nytte dei kan gje, kostnad, finansiering og framdrift.

Med grunnlag i vedtakspunkt nr. 3 ovanfor har Statens vegvesen utarbeida eit notat om moglege strakstiltak i krysset mellom Fv 562 og Fv 220 på Askøy, kva nytte dei kan gje, kostnad og finansiering og framdrift. Notatet er vedlagt saksframlegget.

### 2. Strakstiltak, kva nytte dei kan gje, kostnad, finansiering og framdrift

Nr.	Moglege tiltak	Nytte	Kostnad	Finansiering	Framdrift	Kommentarar
a)	Sikre kryssingspunkt for dei gåande	Etablera planfri kryssing for dei gåande og syklende i form av undergang eller gangbru	Ca. 15 mill. kr	Programområdet for Trafikksikring	Om det vert sett av midlar: -Godkjent reguleringsplan i 2018 -Moglege byggestart i 2019	Det er ein gåande planprosess for VA-utbygging parallelt med Fv 562
b)	Vegetasjon	Sikthindrande vegetasjon i fri siktsonene må fjernast	Ca. 100-150 tusen kr	Drift og vedlikehald	2017/2018	

c)	Rumlefelt	Etablere rumlefelt på begge sider av kryssområdet, slik at farten kan reduserast og oppmerksemda skjerpast	Ca. 40 tusen kr	Program-området for Trafikksikring	2017/2018	
d)	Skilta fartsgrensa frå 80 km/t til 60 km/t	Vurderinga frå SVV er å ikkje redusera hastigheita i kryssområdet				Tiltaket er ikkje aktuelt, då ein ikkje greier å redusera farten meir enn nokon få km/t ved å skilte ned. Variasjon i fart vil dermed bli mykje større, og meir truleg vil ei trafikkulukke kunne inntreffe
e)	Vegbelysning	Sette opp vegbelysning	Ca. 3-3,5 mill. kr	Program-området for Trafikksikring	Om det vert sett av midlar: -Godkjent reguleringsplan i 2018 -Mogleg byggestart i 2019	
f)	Avkøyrsløse	Kanaliserer krysset til Fv 220 Davanger	Ca. 20 mill. kr	Eit prosjekt i ein eventuell framtidig Askøypakke 2		
g)	Vegutviding	Ved å utvide Fv 562 vil ein unngå eit markert standardsprang	Ca. 5-7 mill. kr	Eit prosjekt i ein eventuell framtidig Askøypakke 2		

Tiltaka er grove kostnadsvurderingar, inkludert mva. Prosjekta må fyrst regulerast før ein kan avklara endeleg finansieringsbehov.

### 3. Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen har forståing for at innbyggjarane i området og andre som ferdast langs vegen er uroa over situasjonen, ikkje minst når ulykkesfrekvensen ligg over den normale ulykkesfrekvensen på tilsvarende strekningar.

Fylkeskommunen set av om lag 20 mill. kr til programområdet for Trafikksikring kvart år. Kostnadane ved dei enkelte tiltaka i krysset er høge i høve til rammene for trafikksikring, og ikkje minst i høve til andre behov for trafikksikring på fylkesvegnettet i Hordaland. Strakstiltaka vil dermed leggest til grunn for dei samla vurderingane av fylkeskommunale investeringar på fylkesvegnettet i Investeringsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029.

Fylkesrådmannen rår likevel til at ein går i gang med strakstiltak nr. b) Vegetasjon og nr. c) Rumlefelt i 2017/2018, som vil bidra til redusert risiko for alvorlege trafikkulukker.